



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen

**Møtested:** Lom, Norsk fjellsenter

**Dato:** 08.11.2022

**Tidspunkt:** 09:00 - 14:00

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Per Magnus Berdal	Leiar	
Bjarne Eiolf Holø	Nestleiar	
Magnhild Vik	Medlem	
Mariann Skotte	Medlem	
Torbjørn Rødstøl	Medlem	
Edel Kveen	Medlem	
Hans Kristian Enge	Medlem	
Inger Line Flydal	Medlem	
Live Langøygard	Medlem	

## Merknader:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen gjennomførte møte med rådgjevande utval for Reinheimen dagen før styremøte, 07.11.22, på Norsk fjellsenter. Referat frå møte med rådgjevande utval er journalført i samsak 2020/902

Saksutgreiing i sak 44/2022 vart ettersendt på e-post til styremedlemmane p.g.a av utsett innsynsrett, jf. Off.lov §24, andre ledd.

## Øvrige frammøtte:

Navn	
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Thomas Rødstøl	SNO

## Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

\_\_\_\_\_  
Per Magnus Berdal  
Sign.

\_\_\_\_\_  
Bjarne Eiolf Holø  
Sign.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 41/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 42/2022	Referatsaker		
	Vedtak i klagesak - Trollstigen LVO - dispensasjon - oppføring av posterings- og jaktbu til bruk under skadefelling av jerv - Steindalen - Valldal og Fjørå Beitelag Hans Martin Gjedrem		2020/8174
	Referat fra informasjonsmøte - Skjåk - reguleringsplan - riksvei 15 - ny Strynefjellstunnel		2022/9990
ST 43/2022	Delegerte saker		
DS 43/2022	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - 2026 - snødekt mark - transport til hytte ved Søre Storteppeinga - Norvald Marstein		2021/10434
DS 44/2022	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - snødekt mark - tilsyn og transport av varer - Trollstølen - Lyder Kristian - Jahn Terje - Bjørn Kåre Alnes		2020/13782
DS 45/2022	Delegert sak - dispensasjon - Trollstigen lvo - hogst over 3 daa - 2022 - gnr 6/4 teig i Isterdalen - Allskog		2022/9080
DS 46/2022	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalen NR - motorferdsel - 2022 - 2025 - ATV -Jon Magnar Dyb		2022/10405
DS 47/2022	Søknad - Reinheimen NP - Muldalsbakkane - Tafjordsetra - Geir Ove Hustad		2022/9504
DS 48/2022	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalen NR - motorferdsel - 2022-2025 - barmark - ATV - Geir Ove Hustad		2022/9504
ST 44/2022	Finndalen LVO - Oppfølging av brot på vilkår i sak 7/2022 - oppføring og tilbygg på nytt seterhus på Gubhage seter - gbnr 159/1/50	X	2019/10385
ST 45/2022	Finndalen LVO - Endring av vedtak i sak 7/2022 - Tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - Hans Gubhage		2019/10385
ST 46/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - garnkasse ved Fellingsvatnet - Morten Olesen		2020/3413
ST 47/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - påbygg utedo på Mebua og Jervebu - 2022 - Grytten fjellstyre		2022/10269
ST 48/2022	Ottadalen LVO - dispensasjon - 2022 - bygging av utedo ved fiskebu ved Kroketetjønn - Torgeir Aamot		2022/7831

## **ST 41/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

#### **Vedtak**

Ingen merknader til innkalling og sakliste. Bjarne Eiolf Holø vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar

## **ST 42/2022 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

#### **Vedtak**

Referatsaker vart teke til orientering.

## **ST 43/2022 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

#### **Vedtak**

Delegerte saker vart teke til orientering.

# **ST 44/2022 Finndalen LVO - Oppfølging av brot på vilkår i sak 7/2022 - oppføring og tilbygg på nytt seterhus på Gubhage seter - gbnr 159/1/50**

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret for Reinheimen peikar med dette på at bruksrettshavar av Gubhage seter (159/1/50) på Breidstulen i Finndalen lvo, har satt i gang byggetiltak som ikkje var i trå med vilkår for dispensasjon i vedtak om oppføring av nytt seterhus på setra, behandla 25.02.22 i sak 7/2022.

Brot på vilkår i vedtak for dispensasjon er alvorleg, og for å skape respekt for regelverket, ber nasjonalparkstyret om at saka sendast til Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr, jf. naturmangfaldlova § 74.

Overtredelsesgebyr som reaksjon i denne saka vil kunne hindre nye regelbrot i liknande saker og ha ein almenpreventiv effekt, noko som er viktig for å ivareta verneverdiane i Finndalen på lang sikt.

# **ST 45/2022 Finndalen LVO - Endring av vedtak i sak 7/2022 - Tilbygg til nytt seterhus på Gubhage seter - Hans Gubhage**

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret for Reinheimen endrar på vilkåra for dispensasjon, behandla i nasjonalparkstyret 25.02.22 i sak 7/2022, slik at Klomsrohuset med tilbygg kan plasserast med møneretning på tvers av dalføret.

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, c), får Hans Gubhage dispensasjon til å bygge på ein sval til Klomsrohuset, som skal settast opp på Gubhage seter, (159/1/50) i Finndalen.

#### Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Bygget skal plasserast på eksisterande støypt betongfundament vest for setertunet, med møneretning på tvers av dalføret.
- Betongfundamentet skal senkast mest mogleg ned i terrenget, slik at bygget ikkje dannar ein kontrast til bygningsmiljø eller verkar skjemma i landskapet.

- Betongmuren over bakkenivå skal blendast med naturstein, og masse skal fyllast inntil, som vist i skissa frå Flaten Bygg AS. Den synlege delen av muren mot sør, kan ha høgde på inntil 1 m, og mot vegen mot nord inntil 0,4 m.
- Tilbygget skal ha eit areal på inntil 8 m x 2,5 m, målt utvendig.
- Det nyrestaurerte seterhuset, Klomsrohuset, vil etter restaurering med nytt tilbygg, ha eit utvendig areal på totalt 92 m<sup>2</sup>.
- Tilbygget skal ha form som ein sval/skut med skråtak som er tradisjonell byggeskikk, som skisse i søknaden.
- Vindauge på tilbygget skal ha same storleik som på Klomsrohuset, todelt med ruteinndeling 2 x 3.
- Utvendig kledning på tilbygg skal vera i ståande panel og skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast same mørke farge som på dei andre seterhusa.
- Takmaterialet på skuten skal vera det same som på Klomsrohuset.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding og tilpynting av terrenget kring seterhuset er sett til 01.07.2024.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

## **ST 46/2022 Reinheimen NP - dispensasjon - garnkasse ved Fellingsvatnet - Morten Olesen**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

#### **Behandling**

Per Magnus Berdal la fram alternativ innstilling i møtet:

*"Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Morten Olesen dispensasjon til plassering av garnkasse ved Fellingsvatnet. Nasjonalparkstyret ser behovet for ei oppbevaringskasse med plass til redningsvest og fiskegarn der det ligg ein fiskebåt.*

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Garnkassa skal ikkje vere over 1 m<sup>3</sup>, og ha måla 2,65m x 0,8m x 0,42m.
- Oppføring av garnkassa skal ikkje medføre terrenginngrep.
- Kassa skal i samråd med forvaltar plasserast på ein slik måte at den er mest mogleg skjult i terrenget.
- Når fisket opphøyrer eller nasjonalparkstyret krev det skal kassa fjernast.

*SNO-Reinheimen vil kontrollere dispensasjonen og vilkåra når tiltaket er iverksett."*

Ved røysting vart forslaget frå Per Magnus Berdal samrøystes vedteke.

Styret drøfta også det ulovlege forholdet, og eit samrøystes styre ønskjer at det kjem ein reaksjon i saka for å skape respekt for regelverket og for å unngå nye regelbrot. Forvaltarane blir bede om å legge fram ei sak for styret i etterkant av møtet, slik at styret kan ta stilling til det ulovlege forholdet, og eventuelt sende saka over til Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr etter § 74.

## Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Morten Olesen dispensasjon til plassering av garnkasse ved Fellingsvatnet. Nasjonalparkstyret ser behovet for ei oppbevaringskasse med plass til redningsvest og fiskegarn der det ligg ein fiskebåt.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Garnkasse skal ikkje vere over 1 m<sup>3</sup>, og ha måla 2,65m x 0,8m x 0,42m.
- Oppføring av garnkasse skal ikkje medføre terrenginngrep.
- Kassa skal i samråd med forvaltar plasserast på ein slik måte at den er mest mogleg skjult i terrenget.
- Når fisket opphøyrer eller nasjonalparkstyret krev det skal kassa fjernast.

SNO-Reinheimen vil kontrollere dispensasjonen og vilkåra når tiltaket er iverksett.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ønskjer at det kjem ein reaksjon i saka for å skape respekt for regelverket og for å unngå nye regelbrot. Nasjonalparkstyret ber sekretariatet om å legge fram ei sak for styret i etterkant av møtet, slik at styret kan ta stilling til det ulovlege forholdet, og eventuelt sende saka over til Miljødirektoratet for vurdering av overtredelsesgebyr jf. naturmangfaldlova § 74.

## **ST 47/2022 Reinheimen NP - dispensasjon - påbygg utedo på Mebua og Jervebu - 2022 - Grytten fjellstyre**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga til forvaltar.

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3. bokstav b), får Grytten fjellstyre avslag på søknaden til påbygg med innvendig toalett på Mebua.

Nasjonalparkstyret har 25.02.22 i sak 6/2022, gjeve Grytten fjellstyre dispensasjon til å rive den frittstående utedoen, og sette opp ny do som tilbygg til Mebua. Dispensasjonen til å bygge utedo som påbygg på Mebua og til å rive den frittstående utedoen, gjeld framleis med dei vilkåra som er satt.

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3. bokstav b), får Grytten fjellstyre dispensasjon til å bygge utedo med gang/lagerplass på Jervebu.

Dispensasjon til å bygge på Jervebu er gjeve med følgjande vilkår:

- Fundamentet på utedoen skal være ein enkel mur med naturstein.
- Utvendig kledning skal være av same type og farge som ellers på Jervebu.
- Takmaterialet skal være av same materiale som resten av taket.
- Påbygget skal ikkje forlenge langveggen med meir enn 1,5 m. Høgda på takes skal ikkje gå over eksisterande tak. Vinkel på taket skal være det same som eksisterande takvinkel på Jervebu.
- Etter bygging skal bygningsmateriale som er til overs ryddast bort frå området.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, er sett til 01.10.2023.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltakets omfang vil ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.

Vi gjer merksam på at tiltaket og må avklarast med Rauma kommune.

# **ST 48/2022 Ottadalen LVO - dispensasjon - 2022 - bygging av utedo ved fiskebu ved Kroketetjønn - Torgeir Aamot**

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

### **Behandling**

Forslag om å endre kulepunkt 4, slik at SNO blir teke ut av teksten: Utedoen skal plasserast inntil fiskebua på austveggen. Endeleg plassering skal avklarast i felt med nasjonalparkforvaltar.

Innstillinga frå forvaltar, men endringsforslag i kulepunkt 4, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Med heimel naturmangfaldlova § 48 får Torgeir Aamot dispensasjon til oppsetting av ny utedo inntil si fiskebu ved Kroketetjønn i Ottadalen landskapsvernområde. Nyttverdien er vurdert som større enn ulempene, og tiltaket vil ikkje føre til auka bruk eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformål.

#### Dispensasjon blir gjeve med følgjande vilkår

- Utedoen kan ha eit utvendig mål på inntil 1,2 m x 1,2 m, og høgde 2,3 m frå bakkenivå til tak ved inngangsdøra.
- Taket skal være pulttak, og takmaterialet skal vera med matt overflate, eller torv.
- Utvendig kledning skal påførast same farge som på fiskebua.
- Utedoen skal plasserast inntil fiskebua på austveggen. Endeleg plassering skal avklarast i felt med nasjonalparkforvaltar.
- Etter bygging skal bygningsmateriale som er til overs, ryddast bort og transporterast bort frå verneområdet.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding er sett til 01.10.24. Etter denne fristen fell dispensasjon bort.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket. Vi gjer merksam på tiltaket også må avklarast med grunneigar og kommunen.

Motorisert transport av byggematerialar skal avklarast nærare med nasjonalparkforvaltar, slik at transporten blir tilrettelagt for å unngå skade på terreng, eller medfører uroing av villrein i sårbare periodar av året.

# **ST 49/2022 Forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat - oppstart av arbeidet**

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga frå forvaltar.

## **Vedtak**

Med heimel i vedtektene for nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.1, gjer nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtak om å sette i gang arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark og 6 landskapsvernområde; Ottadalen, Finndalen, Lordalen Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen, og 5 naturreservat; Brettingsmoen, Vermedalen, Slettsvaet, Muldalslia og Einstullie.

Gjennom bestillingsdialogen med Miljødirektoratet skal det meldast inn behov for midler til gjennomføring av arbeidet med revidering av forvaltningsplan.

For å sikre god framdrift skal sekretariatet førebu ei sak til nasjonalparkstyret med forslag til prosjektplan for forvaltningsplanarbeidet. Vedtatt prosjektplan skal være utgangspunkt for melding om oppstart av planarbeidet, som skal sendast til kommunar, fylkeskommunar, grunneigarar, andre rettighetshavarar, og aktuelle brukargrupper. Styret ber også om en vurdering av behovet for ein mindre revisjon av besøksstrategien samtidig i forvaltningsplanarbeidet.

## **ST 50/2022 Orienteringar**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 08.11.2022**

#### **Behandling**

Styret tok opp følgjande aktuelle tema:

- Rovvilt – behov for felles uttale frå nasjonalparkstyret om utfordringane
- Platting – behov for gjennomgang av retningsliner for behandling av søknad om platting i landskapsvernområda – tema vert vurdert i samband med revidering av forvaltningsplan
- Behov for informasjonsstilling – det vart vist til presentasjon om situasjon og behovet på styremøte 23.09.22. Ressursbehov til verneområdeforvaltninga blir teke opp på samling for styreleiarar i Innlandet 17.-18.januar 2023 på Lillehammer.
- Status - tiltak og økonomi 2022 - står att tiltaksmidler på over 1 mill som ikkje er utbetalt. Forvaltarane jobber med avtaler slik at midlene blir utbetalt til gjennomførte og planlagde tiltak i verneområdet. Utedo på Slettvikane er tildelt kr. 600 000,- og det er fylkeskommunen som skal ha midlane for innkjøp av do, bygging og driftsansvar.
- Tiltaka i Kløvstien er justert slik at det i år er mest behov for å bruke midler til reparasjon av skader på turstigen og grunnarbeid på stistart nederst i Kløvstigen.
- Informasjonsskilt ved stistart i Rånå til Rånåkollen er eit nytt tiltak som blir gjennomført i samarbeid med Lesja kommune og Dovrefjell-Sundalsfjella.
- Neste møte – fredag 9.desember 2022, kl. 09:00 – 12:00

## **Vedtak**

Orienteringssaker vert teke til orientering.